



Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/10419-2

Dato
24.01.2014

Skulebygg som pedagogisk arkitektur - løypemelding

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 17.09.13, melding 47/13 «Funksjonskrav til skuleanlegg – pedagogisk arkitektur: Framlegg til arbeidsprosess».

Fylkesdirektør opplæring gav i møte tilbakemelding om at ei skisse til plandokument skulle leggjast fram for Opplærings- og helseutvalet i februar 2014.

I Opplærings- og helseutvalet sitt møte 22. oktober 2013 orienterte Egedomsseksjonen ved Helge Håvardtun og Kjell Helge Brun om kva forhold dei har til plandokumentet, og ikkje minst kva problem som er knytt til bruken av dette verktøyet vedk. konkret prosjektering og bygging av skular. Her vart det peika på behov for å ha fagkompetanse på opplæringsavdelinga i skjæringspunktet mellom byggfag/arkitektur, skulestruktur og pedagogikk.

HFK/Opplæringsavdelinga er i prosess for å sikre seg slik kompetanse og avventer framlegg av skisse til plandokument til denne kompetansen er på plass. Målet er å legge fram ei planskisse for utvalet i april eller mai 2014.